

**KONTROLLUTVALET I  
SKODJE KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 12.12.2018, kl. 17.00 – 20.10

Møtestad: Skodje rådhus

Møtet vart leia av Rolf Liebich.

Elles til stades: Inge Øye, Pål Aarsæther og Rannveig B. Stavset.

Janne Gommesen hadde ikkje meldt forfall.

= **4 voterande**

Klokka 19.20, etter handsaming av sak 24/18 blei Pål Aarsæther permittert.  
Ingen vara tiltrådte.

= **3 voterande**

---

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.  
Frå Kommunerevisjon møtte forvaltningsrevisor Svein Ove Otterlei.

Frå kommunen møtte ordførar Dag Olav Tennfjord, ass. rådmann Malin Piegsa, rektor Trond Herje og einingsleiar Eirik Frøystad (Herje og Frøystad deltok under handsaminga av sak 23/18).

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

---

**Sak 22/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 17.10.2018**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 17. oktober 2018 blir godkjent.

---

## **Sak 23/18 - Orienteringar ved rådmann (bestilt på førre KU-møte).**

- Karaktersetjing i Skodje-skulane
- Pedagogisk personale utan pedagogisk kompetanse
- Diagnosar/handtering ved registrering av psykisk utviklingshemma

Ass. rådmann Malin Piegsa, rektor Trond Herje og einingsleiar Eirik Frøystad ga kontrollutvalet ei grundig orientering kring nemnde tema.

Det var ikkje lagt fram noko tilråding til vedtak frå sekretariatet.

### **Leiar Rolf Liebich fremma på vegne av utvalet fylgjande forslag:**

Kontrollutvalet takkar for forsvarlege og grundige orienteringar og tek dei til vitande.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for forsvarlege og grundige orienteringar og tek dei til vitande.

---

## **Sak 24/18 - Oppdatert orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 5. desember 2018.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Skodje kontrollutval tek orienteringa frå Kommunerevisjon 3 til vitande og forventar å bli halde orientert om prosessen vidare.

---

## **Sak 25/18 - Hemmelege dokument – tryggleiksklarering. Spørsmål til rådmann frå kontrollutvalsmedlem Inge Øye.**

Det var ikkje lagt fram noko tilråding til vedtak frå sekretariatet.

### **Leiar Rolf Liebich fremma på vegne av utvalet fylgjande forslag:**

Kontrollutvalet takkar ass. rådmann for svar. Kontrollutvalet ynskjer på neste møte ei orientering frå rådmann på korleis Skodje kommune praktiserer reglar for både offentlegheit og meiroffentlegheit. Skodje kontrollutval er oppteke av at innbyggjarane får best mogleg innsyn i dei sakene som vert handsama og elles har god tilgang til informasjon og korrespondanse.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takkar ass. rådmann for svar. Kontrollutvalet ynskjer på neste møte ei orientering frå rådmann på korleis Skodje kommune praktiserer reglar for både offentlegheit og meiroffentlegheit. Skodje kontrollutval er oppteke av at innbyggjarane får best mogleg innsyn i dei sakene som vert handsama og elles har god tilgang til informasjon og korrespondanse.

---

### **Sak 26/18 - Møteplan 2019**

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Onsdag 6. mars, tirsdag 21. mai, onsdag 4. september, onsdag 20. november, alle dagar kl. 17.00

---

Møtet var slutt kl. 20.10

Rolf Liebich  
leiar  
(sign.)

Inge Øye  
nestleiar  
(sign)

Pål Aarsæther  
medlem  
(sign.)

Rannveig B. Stavset  
medlem  
(sign.)